



**Direktoratet for naturforvaltning  
N-7485 Trondheim**

**Runde Miljøsenters AS**

*Dykkar referanse*

07/1148 ART-MA-BVR

*Dykkar brev av*

07.05.2008

*Vår referanse*

J.nr. 223/08

S.nr. R-05

*Dato*

21. august 2008

## **Forvaltingsplan for Norskehavet, høyringskommentar**

Runde miljøsenters (**RMS**) har studert dei fire delrapportane som vi finn både innholdsrike, gode og grundige.

RMS er lokalisert på Møre, og vi har difor valt å fokusere kommentarane våre på aspekt ved dokumenta som spesielt berører dette viktige kystområdet. Møre er ressurs- og miljømessig interessant, det er her Norskehavet (forvaltingsområdet) verkeleg berører kysten i fullt mon, samtidig som området ligg nær opp til Nordsjøen og i det innstrømmande Atlanterhavsvatnet, m.a.o. eit svært viktig og sårbart "vegkryss" både i norsk og internasjonal samanheng.

Den altomfattande vinklinga i rapportane er sannsynlegvis naudsynleg, men det kan sikkert bli vanskeleg å ivareta alle aspekt i ei konkret forvaltingsplan. Viktige aspekt må sorterast frå mindre viktige i prosessen framover. Vi reknar med at erfaringane frå Barentshavet/Lofoten her vil kome Norskehavet og seinare Nordsjøen til gode, når det gjeld utforminga av ei realistisk, realiserbar og framtidretta forvaltingsplan.

### **Kommentarar til tema Petroleum og energi:**

Det er den faktiske forvaltninga av petroleumssressursane som vil styre mykje av risikoen for uhell. Ein aktuell forvaltingsstrategi må vere å spare ressursane for ettertida, la olja ligge der den er, så er jo risikoen minimert, og det framtidige økonomiske vinsten blir langt større enn ved å ta ut ressursane nå. Ein slik strategi synes imidlertid ikkje å ha blitt vurdert, det er lagt opp til "business as usual". RMS meiner at scenarier for h.h.v. null-utbygging og tydeleg nedtrapping nærmaste åra også bør inn, herunder synleggjere den økonomiske vinsten ved dette.

Møre inngår i "fremtidsbilder" for offshore verksemd med eit utviklingsområde nær land, utafor Romsdal. Sunnmøre går for det meste klar olje kystnært i høve til scenaria for utslepp. Det er litt "bemerkesesverdige" synes vi at det er valt ein slik lokasjon, når ein veit at det mest sårbare området på heile Norskekysten, inkl. Svalbard, er Sunnmøre (Ref DNV/Kystverkets studie frå 2004/05). Så val av "fremtidsbilde" for Møre kunne ha vore annleis; med utslepp lenger sør. Slik det er framstilt, kan risiko/effektene for fuglefjellet på Runde for eksempel vere sterkt underestimert.

Det presenterte influensområdet for utslepp på Møre strekker seg nordover, utslepp i nordavindsperioder (våren) er ikkje tatt med, da kan alt blåse i retning syd, og nå Runde.

Forretn. Adresse  
6096 Runde

Postadresse:  
Støyleråsa 3, 6065 Ulsteinvik

Org. Nr. 987 410 757  
Bankkonto: 3997.04.08189

Ang oljedriftsimuleringane i denne rapporten så saknast det framstilling av berørte strandområde, antal km strandline f.eks., ikkje berre berørt sjøoverflate areal til havs. Sjøl om strandlinjene ligg utafør forvaltingsområdet meiner vi det er viktig å få desse med i analysen, jamfør ytre påvirkning rapporten om skipsforlis, der strandsona faktisk er vurdert sjøl om den ligg utafør det foreslåtte forvaltingsområdet.

Runde er behørig nemnt, i sbm sjøfugl, som det viktigaste sjøfuglområdet i Sørnorge, og som internasjonalt verdifult for fleire nøkkelartar (Ref. også Ytre påverknad rapporten). Her er beredskaperen nøkkelfaktor, men ikkje nemnt, det er referert til depota i Kristiansund og Træna, samt kystverkets i Ålesund. Særskild oljevernberedskap mot sjøfugl er ikkje nemnt i rapporten, det bør inn.

Møre er sårbart, samtidig blant dei minst undersøkte kystområda i Norge når et gjeld miljø. Nordsjøen og Nordnorge har nesten all merksemd. Miljømessige grunnlagsundersøkingar må i gang, og kystnær regelmessig overvaking av oseanografi og økologi må etablerast, også på Møre.

For samfunnsliv, kap 3 i rapporten, må også verknadar for Osloregionen lokalt med når det gjeld utviklinga i/av Norskehavet, d.v.s. få synleggjort kvar den økonomiske meiomsetninga faktisk skjer, ikkje bare ta med statistikk for den ekstra lokale sysselsettinga. Dette er viktig å få synleggjort, og å få samanlikna verknadar på kysten kontra Oslo; bidrar utbygginga i Norskehavet i realiteten i det vesentlegaste til ein kanalisering av pengar inn til Osloregionen (evt + Stavanger)? Viss dette er tilfelle, så bør det foreslåast tiltak for å rette opp slik skeivheit, og få fordelt ressursane betre nasjonalt.

For offshore vind/bølgekraft er bølgekraft lite nemnt, mest vind. Det bør nemnast at bølgekraft har eit stort potensiale i området, og er mindre arealkrevande enn vind, m.a.o. beslaglagt areal kan reduserast med bølgekraft for gitt/samme MW. Bølgekraft kan også nyttast kystnært, uten særlege konflikhtar, mens vind nok er tvungen offshore p.g.a. konflikhtar.

RMS er også noko kritisk til talla for potensialet for h.h.v. vind og bølger; vindpotensialet er sannsynlegvis overestimert og bølgepotensialet underestimert.

### **Kommentar til rapport Ytre påverknad:**

I det vesentligaste gjeld våre kommentarar avsnitta Petroleumsvirksemd utafør området, og Skipstrafikk.

RMS deler otte til prosjektgruppa om at risikoen for uhellsutslepp i Nordsjøen vil kunne ramme sørlege deler av Norskehavet, spesielt Mørebankane sterkt, når det gjeld fisk/ungel/egg og sjøfugl m.m.

RMS meiner at dette risikobiletet tilseier eit behov for markert auke i kartlegging og overvaking av marint miljø desse kystnære sjøområda, og at der må bli styrka oljevernberedskap, både for sjøfugl, sjøpattedyr og strand.

Der må også etablerast fast beredskap på denne delen av kysten som kan ta seg av enkeltindivid av fugl/sjøpattedyr som er skadd av små/diffuse utslepp, for å hindre ytterlegare tilbakegang i bestandane. Denne styrka beredskaperen må også sjåast i lys av den aukande skipstrafikken inkl oljetransport frå Russland som foregår nær land rett forbi Stad.

Sett i lys av dei berekna saneringskostnadane på 1.2 - 1.8 milliard NOK for eit skipsuhell ved Stad, utgjer slik styrka lokal/regional beredskap kostnadsmessig svært lite og vil bidra til å redusere saneringskostnadane monaleg.

Når det gjeld verknader av skipsuhell som er simulert, er RMS takksam for at det er satt fokus også på kyst og strandsone i MidtNorge, som i følge fleire av scenaria for skipshavari vil bli sterkt ramma. Dette sjølv om strandsona ikkje er del av det foreslåtte forvaltingsområdet.

RMS meiner generelt sett at det er ugunstig og kunstig å trekke forvaltingslina ved grunnlina, og ikkje lenger inn mot land. Vi foreslår at ytre kystområde inn til fastland også blir del av forvaltingsplanen for Norskehavet, og at det blir integrert mot andre forvaltingsregime innaskjærs som t.d. det som Vannrammedirektivet definerer.

RMS er usikre på om utsegna at miljøtilstanden i Norskehavet er så god, stemmer. Det er fleire ting i det siste som tyder på at der er økologisk ubalanse i området, sist nå i 2008 med katastrofal svikt i sjøfugl reproduksjon på kysten av MidtNorge, som manifestering av ein trend som har vart i fleire år, også lenger nord, og vest i havet. Norskekysten kjem også dårleg ut i internasjonale samanstillingar når det gjeld miljøtilstand i havområda i verda (dette skuldast nok i stor grad dei omfattande fiskeria).

Vi håper at våre kommentarar kjem til nytte, og står gjerne til teneste for utfyllande kommentarar og til å bidra i det vidare arbeidet med forvaltingsplanen.

Vennleg helsing  
**FØR RUNDE MILJØSENTER**



Lars G Golmen  
Telefon: 4789 0957  
e-post: lars@rundecentre.no